



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Til Tysnes kommune v/kommunestyret

Vår sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Dykkar ref.:
Vår ref: 2016/45
Vår dato: 01.10.2018

Partsbrev vedr. Budsjett 2019 for kontroll- og tilsynsarbeid i Tysnes kommune

Vedlagt følger partsbrev frå PS 33/18 Budsjett 2019 for kontroll- og tilsynsarbeid i Tysnes kommune. Saka var føre i kontrollutvalet 20.09.18 og det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget med dei endringar som kom fram i møtet. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2019.»

Viser til vedtaket i kontrollutvalet og ber om at budsjettforslaget følgjer sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Justert budsjettframlegg som er i tråd med kontrollutvalet sine prioriteringar ligg som vedlegg saman med dette partsbrevet.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Ordfører
Rådmann
Utvalsleiar

Arkivsak: 151
 Arkivnr: 2016/45-54
 Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	33/18	20.09.2018

Budsjett 2019 for kontroll- og tilsynsarbeid i Tysnes kommune

Bakgrunn

Av "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" finn ein i § 18 formuleringa om at kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

§ 18. Budsjettbehandlingen

«Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.»

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeida framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstilla direkte overfor politisk organ.

I tråd med dette fremjar kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2019. I budsjettframlegget bereknar kontrollutvalet kostnad med dei oppgåver budsjettet skal dekkja. «Veileder til KOSTRA» skildrar og kva funksjon 110 – kontroll og revisjon, skal dekkja:

«Utgifter og inntekter knyttet til kommunenes kontrollutvalg etter kommuneloven § 77 og revisjon etter kommuneloven § 78. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Funksjonen omfatter ikke administrative internkontrollsystemer som er underlagt administrasjonssjefen.»

Drøfting

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i gjeldande revisjonsavtale. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekkja både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I budsjettframlegget er revisjonskostnader delt på to postar. Ein post for kostnader med rekneskapsrevisjon og ein post for oppdrag bestilt av kontrollutvalet ut frå godkjende planar.

Vidare er det lagt opp til at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som "eit vanleg år". Det er vidare lagt inn kostnader med kurs / opplæring for medlemmane i kontrollutvalet og servering på utvalsmøta. Ellers er det lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste i tråd med godtgjerslereglementet til kommunen.

Budsjettposten som gjeld sekretariatstenester for kontrollutvalet er sett opp ut frå planlagt aktivitet og antal møter. Kostnader er berekna i tråd med avtale som er inngått mellom Tysnes kommune og Hordaland fylkeskommune, og som tok til å gjelda frå 01.01.2017.

Om oppgåvene til kontrollutvalet

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det dette i § 10:

”§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”

”§ 13. Selskapskontroll

«Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.»

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovudoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. Det er vedteke planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i kommunestyret 13.12.2016.

I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggest inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planane. Ut frå gjeldande planar vil prosjektarbeid krevje ei ramme på omlag 300 timar for kommunar med Tysnes kommune sin storleik.

Det er og lagt inn i budsjettet ein post for ekstra tiltaksmidlar. Dette er midlar som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, til dømes tiltak som måtte koma til utanom prosjekt frå planane, og til utgreiingar, evtnt. evaluering av planer, som kontrollutvalet finn naudsynt å gjennomføra undervegs i året. Bakgrunnen for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera medieoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjend plan, eller henvendingar frå innbyggjarar.

Konklusjon

På slik bakgrunn tilrår sekretariatet at kontrollutvalet godkjenner framlegget til budsjett. Budsjettframlegget skal så følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysnes kommune.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2019.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.09.2018

Handsaming i møtet:

Sekretariatet gjorde greie for kva som ligg bak tala i forslag til budsjett og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet drøfta framlegget og konkluderte med at ein ville gjera endringar i nokre av postane. Post med avisabonnement skal reduserast med 2 abonnement. Postane for opplæring/kurs og skyss/kost skal setjast til kr 0 for 2019. Det vart peika på at postane bør setjast opp på nytt etter valet hausten 2019. Det må då bli gjeve løyving til opplæring av nytt kontrollutval. Med desse endringane vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget med dei endringar som kom fram i møte. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2019.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Justert taldel med budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeid 2019 Tysnes kommune